

312  
KV/

20170 7509 - 1



Norges Vassdrags- og Energiforening (NVE)  
Postboks 5091  
Majorstua  
0301 Oslo.

09.10. 2017

**Krav om revisjon av løyve for Voss kommune og BKK**

**til å regulere og overføre Torfinnsvassdraget til Bergsdalsvassdraget**  
(meddelt ved kongelig resolusjon av 13. juli 1928)

Og

**Løyve for BKK til å overføre Ljosvatn og Holmavatn i Torfinno til  
Hamlagrøvatn**  
(meddelt ved kongelig resolusjon av 31. august 1962)

Desse reguleringane og overføringane har medført tørrlegging av Torfinno.

Stiftelsen Voss klekkeri meiner det er uheldig for anadrom fisk og biologisk mangfold at elvar vert heilt tørrlagde i periodar. Omlag 1 km nederst i Torfinno var før viktig oppvekst elv for laks og aure yngel. Sjøauren har og mista ei god elv for gyting og reproduksjon. Om laks nytta denne elva som gyte elv er usikkert, men både lakseyngel og aureyngel finn slike sideelvar for oppvekst. Tverrelva på motsett side av Torfinno i Vosso er godt døme på dette og viktig yngel habitat. Her i utløpet av Tverrelva til Vosso er det el-fiske stasjon. Og dette er ein av dei beste lokalitetane for laksesmolt produksjon i Vosso.

Torfinno fungerer i dag meir som ei yngelfelle ei trygg oppvekst elv. Dette fordi det kan være vatn i Torfinno når det er mykje nedbør og ungfisk vandrar opp i elva, og ungfisken vert utsett for stranding når vatnet vert vekke att.

Vossovassdraget er nasjonalt laksevassdrag med ein laksebestand som er trua mot utrydding. Bestanden er halden levande gjennom genbank og omfattande kultiverings tiltak.

Stiftelsen Voss klekkeri krev difor at det vert innført krav til regulant om tilstrekkeleg minstevassføring i Torfinno for å bedre tilhøva for anadrome fiskeslag og ta vare på biologisk mangfald.

*Geir Ove Henden*

Dagleg leiar Geir Ove Henden

*Rolf Abrahamsen*

Styre leiar Rolf Abrahamsen

Kopi til:

Miljødirektoratet, postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim  
Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern og klimaavdelinga, postboks 7310  
5020 Bergen  
Voss kommune Utrågata 9 postboks145, 5710 Voss  
Vaksdal kommune Konsul jebsensgate 16, 5782 Dalekvam